



Sakshandsamar:

Sissel Brusegård

E-post: Sissel.Brusegard@sfj.no

Tlf.: 40524464

Vår ref.

Sak nr.: 16/3958-2

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

15080/16

Dykkar ref.

Jetmund Rygg

Dato
LEIKANGER, 29.04.2016

Svar - VS: Vg 2 og 3 elevar, lærepass og fagbrev utan lærepass

Viser til brev datert 24.04.2016.

Den norske modellen for fagopplæring byggjer på eit samarbeid om opplæringa mellom det offentlege (fylkeskommunen frå 1981) og arbeids- og næringsliv. Denne modellen har røter attende til laugsvesenet i mellomalderen og etableringane av yrkesskular frå 1940.

I Sogn og Fjordane arbeider vi med å gjere elvane best mogeleg kvalifiserte til å møte krava i arbeidslivet. Dette gjeld særleg dei som har valt yrkesfag. Både i vg2 og vg3 blir det lagt stor vekt på å førebu elevane på kva som ventar dei når dei skal søkje seg lærepass.

Gjennom faget prosjekt til fordjuping blir det særleg lagt vekt på at eleven sjølv har ansvar for å skaffe seg lærepass. Elevane får mellom anna opplæring i å skrive søknad og førebuing til intervju. Elevane er utplassert i bedrift som del opplæringa og erfaringsmessing er det mange som skaffar seg lærepass gjennom denne utplasseringa.

Når det gjeld faget dataelektronikar som er omtala i brevet er dette eit fag der opplæringa går over tre år i skule og 18 månader lære i bedrift er verdiskaping. Utdanningsdirektoratet skriv på si heimeside om dataelektronikarfaget:

«For 4. året er det bare verdiskaping i bedrift, opplæringen gis på vg3 i skole.»

Ut frå opplæringa som er gitt i skule skal eleven vere i stand til å gå opp til fagprøve. Praksis viser at dei aller fleste ønskjer å ta verdiskapingsdelen sin i bedrift før dei går opp til fagprøve.

I Sogn og Fjordane får alle elevar oppfylt lovkrava i kapittel §3.1 i opplæringslova. Om ein ikkje har fått lærepass (etter vg2 i skule) innan 1. september får ein tilbod om opplæring i skule (vg3).

Vi ser at informasjonen om vg3 i skule for dei som ikkje har skaffa seg lærepass kunne vore meir utfyllande på fylkeskommunen si heimeside. Dette er eit tilbod til elevar som står utan lærepass og er dermed ikkje eit søkbart tilbod, men eit tilbod som vert oppretta ved behov. I år har vi fleire tilbod på vg3 i skule for elevar som av ulike årsaker ikkje har skaffa seg lærepass. I tillegg har fylkeskommunen kjøpt tilbod i andre fylke. Lærepasskursa er eit ekstratilbod i tillegg til vg3-tilboda.

Vi voner dette er oppklarande.

Med helsing

Tor-Einar Holvik Skinlo
ass. fylkesdirektør

Sissel Brusegård
teamleiar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi til:

Karianne Alette Torvanger, leiar hovudutvalet for opplæring

Nils Petter Støyva, leiar fagopplæringsnemnda

Venke Nordeide, ELO

Bekka Skaasheim, OA